

Kyrkjeklokka

Nr 2 - 2013

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

77. årgang



Seljumannamesse 2013


side 3

Ny kateket til Indre Nordfjord

side 4

Konfirmantane i år

Sjå bileta av dei
flotte konfirmatane
i Indre Nordfjord
side 8 til 10



Populær og dyktig prestefamilie forlèt Stryn til fordel for Prosteembete på heimlege trakter, i Indre Sogn

side 13



Ny Kyrkjevevje i Stryn

side 14



Tankar langs vegen...

Har velstanden vår gjort oss til eit
egoistisk folkeferd?

Jon berre spør side 6

”Kvithåringen”

- Av Vidar Bergset -

Det var ein strålende fin sommarsøndag i 1967. Eg var student i Trondheim; dreiv og tok norsk grunnfag på sommarkurs på lærarhøgskulen – og budde i studentbyen på Moholt. Eg brukte å gå i kyrkja om søndagen, oftast i Bakke kyrkje eller domkyrkja, men denne søndagen gjekk eg til Moholt.

Utafor kyrkjegardsporten møtte eg ein smågut som dreiv og sprang att og fram og sparka på ein liten stein. Då han såg meg, stoppa han opp og kom beint imot meg. Han var tynn og bleik og liten og kunne vel vere seks år eller så. Han hadde drivkvitt hår som peika i alle leier, verka litt uselt og lite påkledd, men hadde eit levande oppsyn og strie, blå auge.

-*Kor ska du hen?* spurde han, Eg snudde meg rundt for å sjå om det var andre der, men det var nok meg han snakka til.

-*Eg skal i kyrkja*, sa eg.

-*Får æ vårrå me dæ?*

-*Nja*, eg drog på det – *er du åleine, er ikkje foreldra dine med deg?*

-*Nehei, dæm ligg og søv, dæm*, sa han.

-*Jau, du skal få vere med*, sa eg, og så kom han med handa og ville leiast, og så gjekk vi i kyrkja, båe to. På vegen fortalde han meg at foreldra aldri gjekk i kyrkja, og at han heller ikkje hadde vore inne i kyrkja nokon gong. Vi fann oss plass midt i kyrkja, og kvithåringen snudde

var framme ved nattverdbordet. Og eg såg at han sat still i benken og følgde interessert med i det som gjekk for seg.

-*Ka fækk dokk for no?*

ville han vite då eg kom attende. Ja, eg kviskra og forklåra så godt eg kunne.

-*Va det godt?* spurde han. Ja, eg forsikra han at det

hadde vore godt. Då gudste- nesta var slutt, gjekk vi ut som

vi kom inn, hand i hand.

hovudet i alle leier og var forundra over alt han såg. Han spurde og grov så eg måtte hysje på han. Og då orgelet sette i, skvatt han fyrst, men så likte han visst musikken, for han slo takta mot benkeryggen framfor oss. Då han fekk ei salmebok, sette han i å syngje av full hals med salmeboka opp-ned. Under preika forma eg han til å vere still, og han lydde meg i det, men det var mykje han måtte kviskre og spørje om.

Så var det nattverd. Det var ikkje vanleg at born fekk nattverden i den tida, og eg sa at han måtte sitje still medan eg

Men så skulle eg gå ein veg og han ein annan, og eg takka han for at han hadde vore eit slikt triveleg følgje i kyrkja denne søndagen. Og då eg hadde gått eit stykke og snudde meg og såg etter han, stod han ved kyrkjegardsporten og vinka etter meg.

Eg har aldri sett han att, men eg har ikkje kunna gløyme den tillitsfulle og spel levande kvithåringen. Skal tru korleis du har hatt det? Er det nokon som har følgt deg i kyrkja seinare i livet?

*Han
spurde og grov så eg måtte
hysje på han*

Seljumannamesse 2013

Årets Seljumannamesse er prega av to ting: Stor konsert-turne i distriktet i veka før messa, og besøk av den leiande biskopen i kyrkja vår, biskop Helga Haugland Byfuglien, preses i Bispemøtet.

Gudstenesta i klosteret søndag 7. juli kl. 11.00

St. Hallvard-guttene deltek også i år ved gudstenesta, leia av sin dirigent Hans Martin Molvik. Biskop Helga Haugland Byfuglien preikar, og elles deltek prestar frå Nordfjord og Vanylven. Musikalsk leiar er organist Jon Inge Sigerland, Selje. Det blir takkoffer og nattverd.



Biskop Helga Haugland Byfuglien

Båt går frå Nabben i Selje til

Bø, på innsida av Selja, og med retur etter gudstenesta. NB! Sjå annonse for rutetider og prisar! Det blir selt billetter på Nabben før båt-avgang

Pris Pilegrimsvandring: kr.

250 (båtreise og deltakarhefte), som ein betalar til Seljumannamesse, konto nr. 3845.07.12768. Merk innbetalinga med: Pilegrimsvandring 2013. Påmelding til sigurd.vengen@gmail.com innan måndag 1. juli

Konsertar

St. Hallvard-guttene, Salomos Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops har eit stort konsertprogram som går frå tysdag 2. juli til søndag 7. juli. Billetter ved inngongen, kan eventuelt kjøpast på førehand.

Tysdag 02.07.13 kl.19.00: Vereide kyrkje. St. Hallvard-guttene, Salomos Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops

Onsdag 03.07.13 kl.19.00: Sandsøy kyrkje. St. Hallvard-guttene.

Torsdag 04.07.13 kl.19.00: Bremanger kyrkje. St. Hallvard-guttene, Salomos Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops

Fredag 05.07.13 kl.19.00: Operahuset Eid. St. Hallvard-guttene, Salomos Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops.

Laurdag 06.07.13 kl.18.00: Selje kyrkje. St. Hallvard-guttene, Salomos Høysangere, Ugler i Moseboken og Drops

Søndag 07.07.13 kl.19.00: Åram. Ugler i Moseboken og Drops.

Søndag 07.07.13 kl.19.00: Ervik kyrkje. St. Hallvard-guttene.



St. Hallvard-guttene på Selja 2011

Pilegrimsvandring på Selja laurdag 6. juli



Pilegrimsvandringa blir i år forenkla til ei vandring på øya. Det er verdt å merke seg at det blir skipa til spesielle ungdomsvandringar i samband med Ungdomsåret i Bjørgvin. Kl. 09.15: Båt frå Selje til Bø (austsida av øya), og retur kl. 15.20: Båt frå Bø til Selje (kl. 15.30). Ein kvar tek med seg niste og høveleg turutstyr. Pilegrimsvandringa blir leia av seniorprest Sigurd Vengen

Beate Nes - vår nye kateket

- av Sigurd Stige -

Kyrkjeklokka har fått ein liten prat med den nye kateketen som kjem til Stryn og Hornindal til hausten.

Det er vel naturleg å starte med at du fortel litt om deg sjølv. Kven er Beate?

Ja, kven er Beate.. Eg er ei jente på snart 34 år. Eg er født på Sunnmøre, men flytta til Grimstad sommaren eg vart 5, og om nokon spør, er det frå Grimstad eg er, sjølv om eg no har budd fleire år på Sunnmøre enn på Sørlandet. Eg er utdanna Kateket frå høgskulen i Volda, og har dei 10 siste åra jobba som kateket i Herøy. Elles er eg gift med Knut Sverre Nes frå Austefjorden. Skal eg fortelje noko meir om meg sjølv kan eg vel nemne at eg er ein svært ivrig strikkar, eg liker å lage mat, og å fotografere.

Nokre av kyrkjeklokkas lesarar vil kanskje kjenne deg igjen på bildet? Du har vore i Stryn før, ikkje sant?

Ja, det stemmer, etter vidaregåande hadde eg eit år i Stryn som Eittåring for KFUK/KFUM. Den gong heite eg Melvær Sørhagen til etternamn. Det var i 98/99 eg var eittåring, så det byrjar å bli ei stund sidan. Men det står fortsatt høgt på lista over dei beste åra i mitt liv. Her blei eg tatt godt imot av utruleg mykje kjekke folk, og eg fekk prøve meg på mykje eg ikkje hadde gjort før. På ein måte trur eg eg alltid har visst at eg eingong skulle tilbake til Stryn på meir enn besøk.

Fortell litt meir om det.

Kvifor søkte du hit?

Som eg sa har Stryn vore i tanken som ein mogleg arbeidsplass ein gong heilt sidan eg reiste frå Stryn til Volda for å studere til Kateket, men det har alltid vore som ei moglegheit langt der framme ein gong.. Då stillinga vart lyst ut i fjor vår, vart eg oppfordra frå ei av dei eg har kontakt med i Stryn om å søke, men då var eg ikkje klar. Men då

den vart ulyst igjen no i vinter slo det plutselig ned i meg ein dag eg køyrde heim frå jobb at kanskje det no var tida. Eg undersøkte litt og snakka med mannen min om det, og bestemte meg etter kvart for å søke. Det var med litt blanda følelsar, for å byrja på noko nytt, betyr også å avslutte noko. Og det er ikkje berre lett. Men no når avgjersla er tatt gler vi oss til å ta over huset i Austefjorden der mannen min er oppvaksen og eg gler meg til å starte på jobben i Stryn.

Du skal altså ikkje flytte til Stryn?

Nei med Kvivsvegen opna det seg nye moglegheiter. Det er plutselig ikkje så langt å pendle frå Austefjorden til Stryn. Så då har vi valt å ta over garden



Austefjorden. Dvs, mannen min tok over den nokre år før vi gifta oss, men vi har ikkje budd der. Mine svigerforeldre har budd der heilt til no, og dreiv garden så lenge der var drift. Gardsdrifta vart nedlagt for 6 år sidan, så vi skal ikkje drive gard, berre bu der. Men med dei nye tunnelane er det ikkje meir enn 10 min. til kontoret i Hornindal og 30 min. til kontoret i Stryn. Det er berre litt lengre veg enn det eg har hatt frå huset vi har på Leikong til kontoret i Fosnavåg, så det reknar eg med skal gå heilt fint. Vi gler oss til å orientere oss mot Stryn og Hornindal og ser fram til å bli kjent med nye folk, og ta opp igjen nokre gamle vennskap.

Du har vore kateket i Herøy i 10 år. Korleis har det vore?

Det har vore 10 år med både oppturar og nedturar, men mest av alt har det vore 10 år der eg har fått finne ut av kven eg er som kateket. Frå å være ein ung nyutdanna kateket er eg no ein erfaren kateket som veit meir om kva eg kan, og kva som er mine utfordringar. Eg har med meg mange gode minner frå arbeidet i Herøy. Sommarfestival med barnekorfestival og stor utegudsteneste for heile familien, lys vaken overnatting i kyrkja, turar med Ten Sing og andre ungdomar, spennande møter med masse konfirmantar, familiegudstenester, forkynning osv. Eg er rett og slett blitt veldig glad i jobben min som kateket.

Kva tankar har du om arbeidet her i Hornindal/Stryn?

Eg gler meg til å ta fatt på jobben. Eg gler meg til å bli kjent med dei ulike kyrkjelydane og folka som høyrer til der og arbeidet som vert drive. Eg har sett litt på trusopplæringsplanen og gler meg over alt det frivillige arbeidet som er rundt omkring. Eg kjem ikkje med store ambisjonar om å endre på noko. No vil eg gå inn i det arbeidet som alt er i gong, og så vil eg sette mitt preg på det etter kvart. Hovudfokuset no i byrjinga vert nok konfirmantarbeidet og samarbeid med barnehagar og skule.

Velkommen tilbake til Indre Nordfjord, Beate!



Kyrkjelokka

Bladet vert sendt til alle husstandar
i Hornindal og Stryn kommunar.

Web: www.kyrkjelokka.no

Redaktør for dette nummeret er:
Knut Sigurd Gald
post@kyrkjelokka.no

Forretningsfører/abonnement:
John Selmer Skiftesvik
6788 Olden, tlf 57 87 33 85
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Kontortider, telefon, e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

INNVIK prestekontor

Tlf 57 87 35 56
Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Kontortid:
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 – 12
Privat 57 87 41 15
harald.runde@stryn.kommune.no

STRYN prestekontor

Tlf 57 87 48 12
Mobil 911 03 134
Sokneprest Kjetil Netland
Privat 57 87 10 29
kjetil.netland@stryn.kommune.no

HORNINDAL prestekontor

Tlf 57 87 98 33
Mobil 942 76 335
Vikarprest Sigurd Stige
Kontortid:
Tysdag og torsdag kl 09 – 12
sokneprest@hornindal.kommune.no

KYRKJEVERJER**Stryn kommune**

Tlf 57 87 48 11
Mobil 913 27 882
@stryn.kommune.no

Hornindal kommune

Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Tlf priv 57 87 96 53
Kontortid:
Måndag 08 – 15, torsdag 09 – 13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Festleg kyrkjehelg for funksjonshemma

Sokneråd og kyrkjeleg tilsette i Indre Nordfjord har ein lang tradisjon med å arrangere såkalla kyrkjehelgar for funksjonshemma. Etter eit lenger opphald kunne sokneråd og prestar innby til slik kyrkjehelg 13. og 14. april. Laurdag var dei 10 påmelde, alle til dagleg på Arbeidssenteret i Stryn, samla på Betania i Stryn til sosial samver som starta med risengrynsgraut. Etterpå var det førebuing av gudstenesta i Olden kyrkje neste dag.



Deltakarar frå Arbeidssenteret fekk påskeliljer etter gudstenesta, saman med gudstenesteleiarane.

Gudstenesta vart ei rik oppleving. Kyrkja var nærmast fullsett, her var både barnedåp, takkoffer, nattverd og kyrkjekaffi. Alle funksjonshemma deltok med ulike oppgåver. Dei skapte fest og glede og forløyste både smil, latter og tårer med si spesielle evne til å leve seg inn i det dei bar fram gjennom song, tekstlesing, dramatisering og eigne lysarkteikningar knytte til teksten for dagen. (Markus 6, 30 – 44: Jesus settar 5000.) *DE gledde mange, og fortener alle dei godord de fekk! Takk skal de ha!*

Stor takk også til Heimetenesta og Arbeidssenteret i Stryn og til sokneråda i Olden og Stryn for flott

praktisk hjelp og tilrettelegging av dei to dagane. Takk til organist Leszek Wolczek og prest Erling Tronvik for godt samarbeidarskap. Vi kjem tilbake med opplysningar om når og kvar neste kyrkjehelg blir, etter planen ein gong i løpet av neste skuleår.

Harald Runde og Jon Ytrehorn





—
Av
Jon
Ytrehorn

Tankar langs vegen...



Har vi blitt eit egoistisk folkeferd?

”Vi lever med ei forestilling om at livet skal gå på skinner. Vårt mål er det sorglause livet, utan sjukdom, bekymringar eller manglar. Vår livshaldning er prega av ei febrilsk jakt på mest mogleg velvere, lukke og suksess. Slik blir vi hekta på det som kjem i vegen for desse måla. Vi har fått ein sytekultur der vi har mist evna til å takke for det som er takk verdt!”

ORDA KJEM frå den profilerte sosialmedisinaren Per Fugelli. I mai fekk han den ærefulle Fritt Ord-prisen for artiklar, bøker og foredrag han har publisert om sosialmedisinske og andre samfunnsmessige spørsmål. Dei siste åra har han stått fram og ope fortalt om kreftsjukdommen han slit med. Han seier at sjukdommen og påminninga om døden har gjort at han på ny har måtta tenkje gjennom kva som er viktig i livet. Ikkje minst i eit velstandsland som Noreg.

EG OPPLEVER at Per Fugelli er verdt å lytte til. Vi treng menneske som på ein stille, men tydeleg måte minner oss om alvoret ved den materialistiske kulturen vi alle har blitt meir eller mindre gripne av. Og vi treng å spørje: Kvar blir det av takken? Vi lever i eitt av dei rikaste landa i verda. Vi har gode sosiale ytingar som tek sikte på å hjelpe dei vanskelegstilte hos oss. Vi har fred og fridom medan mange land opplever vald og terror. Vi har ein samfunnsmøkonomi som har vist seg å

vere relativt stabil i ei tid då Sør Europa opplever ei krise som slår ut i ei enorm arbeidsløyse, særleg blant unge. Men i landet vårt har dei fleste lønningar som sikrar oss tryggleik. Men kvar blir det av takken?

APROPOS LØNNINGAR: Ferske tal viser at gjennomsnittsløna i Noreg ligg 34 % over gjennomsnittet for resten av Skandinavia, og 68 % over resten av Europa. Dette er ei viktig årsak til at bedrifter både på land og sjø flaggar ut og flytter produksjonen til andre land. Lønsnivået vårt er så høgt at det trugar konkurranseevna og arbeidsplassar

*Vi treng
å leite fram arven frå Hans
Nielsen Hauge. Han kombinerte gudsfrykt
og nøysemd med grunderånd og nyskaping, og var
tydeleg på at avkastinga ikkje skulle gå i eiga
lomme, men kome fellesskapet til gode*

blir lagde ned. Vi er i ferd med å prise oss ut av verdsmarknaden. Likevel høyrer vi igjen og igjen i samband med lønsforhandlingar ord som: ”Det er fortsatt rom for en viss økning under vårens lønsforhandlinger!” Endå meir provoserande er det å sjå at leiarar med skyhøge lønningar sikrar seg rause lønstilllegg medan vanlege arbeidarar risikerer å bli oppsagde for å spare pengar! Eg trur vi er mange som kjenner på at tida er overmoden til å stanse lønnsstigningskarusellen og la moderasjon bli omsett frå prat til praktisk handling!

EG LENGTAR etter ein motkultur mot grådighet og egoisme, dette som snikande har smitta så mange av oss. Eg drøymmer om ei folkerørsle som motvekt mot ein forbrukarkultur som trugar både skaparverk og sant menne-

skeleg liv. Eg ber om at Gud må få rom i livet vårt slik at både takksemd, forsaking og solidarisk skaparevne får rom. Vi treng å leite fram arven frå Hans Nielsen Hauge. Han kombinerte gudsfrykt og nøysemd og med grunderånd og nyskaping. Der han kom lærte han folk opp til sjølve å ta ansvar. Samstundes var han tydeleg på at overskot og avkastning ikkje skulle gå i eiga lomme, men kome fellesskapet til gode.

FOR VEL 3200 år sidan førte Moses Israelfolket ut av fangenskapet i Egypt og inn i Kanaan. Før dei gjekk inn i det lova landet bar Moses fram ein bodskap frå Herren. Her står det å lese i 5. Mosebok 8, 11 – 14: ”Når du et og blir mett, når du byggjer deg fine hus og får bu i dei, når du får mengder av gull og sølv og eiedomane dine veks, ta deg då i vare så du ikkje blir hovmodig og gløymer Herren din Gud som førte deg ut frå Egypt, frå slavehuset...”

DET ER SOM om det skulle vore sagt til oss som folk i dag! Gløym ikkje å takke Herren for alt godt han har gjeve oss. La ikkje grådighet og egoisme få halde fram med sin ville vekst. Eller for å sitere Per Fugelli som i NRK-intervjuet avrunda slik: ”Fold hendene, folkens! Takk Vårherre, og takk alle som gjer godt!”

*Hjelp meg Gud, til å gi
både pengar, arbeid og tid
i den tenesta der eg er sett
slik at eg kan forvalte den rett.
Gi meg kraft til å dele mitt brød
med dei menneska som er i nød.
Hjelp meg søkje fornying og fred.
Høyr meg kjære Gud, når eg bed*

Arne Myskja. ”Kjære Gud, når eg bed”
NoS nr. 718, v. 2.

*Å frykta Gud og vera
fornøgd med det ein har
er ei stor vinning*

Paulus i 1.Timoteus brev 6,6.

Aktiv ferie for yngre seniorar 13. - 17. juli

Normisjon med ferien til deg som vil bu og kose deg godt på Innvik fjordhotell Misjonsheimen, og oppleve Nordfjord sine attraksjonar, frå Selje i Vest til Briksdalsbreen i Aust



Midt i juli arrangerer Normisjon «Aktiv ferie for yngre seniorar i alle aldrar». Her kan du bli med til Selje kloster, lytte til musikk og foredrag, vandre i vakker natur, og vere med på møte og gudsteneste! Vi trur det skal bli nokre fine dagar her, med inspirasjon, felleskap, kvile og nye opplevingar.

- Tekst og foto Anna Marie S. Vatnamo -

Marit og Oddmund Måseide blir vertskap og reiseleiarar saman med husets eigne folk. Oddmund Måseide er for tida vikarprest på Hareid på Sunnmøre. Han og kona har fleire gongar vore leiarar på Normisjon sine seniorsamlingar. Om det blir fint ver, blir det servert grillmat i hagen, eller du kan bade på vår eiga badestrand. Vi kan også fyre opp badestampane om det er interesse for det. Kvifor reise langt for å oppleve ein annleis ferie når ein kan reise til Innvik?



Telefon 57 87 49 90

post@innvikfjordhotell.no

Støylsmesse på Moldreimsstøylen

Randabygd sokneråd satsar på å delta i gudstenesta på Moldreimstøylen 28. juli kl. 15. For dei som går med eigne båtar til Tistam, er det ein times spaseretur opp til støylen. Men Jorunn Tisthamar (994 15 856) vil ordne med bilskyss så langt vegen går for dei som har behov for det. Frå vegs ende er det ca 20 min å gå opp til støylen. For eventuell fellestransport med bil: Kontakt Reidar Sørland (907 70 875).





Konfirmantar i Nedstryn 1.rekke frå venstre: Mia Sæbø, Nora Ringstad Øvreberg, Marte Viktoria Pedersen, Dyveke Årvik, Victoria Tonning Auflem, Linnea Rundereim Vik, Karoline Midtli, Ida Flo, Henriette Langø Hogrenning, Marte Lunde, Ingeborg Halsteinslid Wiken.
 2.rekke frå venstre: Dorthea Valaker, Ingeborg Vonheim, Camilla Sundland Fure, Emilie Stave Kristiansen, Cathrine Strand Breidablik, Emilie Sætre, Robert Almenning Edelston, Erikke Ingeborg Bjerkan Lunde, Sigrid Bø, Leif Rune Myrvang.
 3.rekke frå venstre: Åsne Loen Flo, Atle Kroken, Johannes Håberg, Håkon Midthjell Gjørven, Steffen Vonheim, Elling Sindre Syversbråten.
 4.rekke frå venstre: Håvard Løvdaal Stauri, Andreas Flo Tonning, Jonathan Silden, Leif-Erik Flo Hoem, Grim Nygård, Thomas Nygård, Remi André Stølen, Nicolay Sørensen Jore.
 5.rekke frå venstre: Vegard Gjetøy Aaland, Eivind Sunde Egge Wangen, Oliver Rasmus Svingset, Jonas Lunde Sætre, Ulrik Auflem Eikås, Ole-Marius Lunde, Espen Tømmerstøl Roset. Bakre rekke frå venstre: Sokneprest Kjetil Netland, Steffen Ekern Glosvik, Simon Osvold Sunde, Sigurd Olai Løvang Berge, Filip Degrassi Westad, Max Gausen Almering, Magnus Bunttemeyer, Bjørnar Bø, Andreas Halsteinslid, Espen Berge.

Konfirmant i Randabygd

Isak Hopland og prest Jon Ytrehorn



Foto:

Utvik:

Verlo

Innvik:

Kjell Mortveit

Randabygd:

Trine Rand

Nordsida:

Hege H. Ulvedal

Oppstryn og

Nedstryn:

Foto Tonning

Loen:

Svein-Arne Vik

Olden:

Reed Foto AS

Hornindal:

Foto Almenning

Konfirmantar i Utvik

Frå venstre: Kristina Årdal Solbu, Lars Ivar Verlo, Espen Flatjord og Sokneprest Harald Runde



Konfirmantar i Olden

Bak frå venstre: Per William Hoddevik, Stig Daniel Mykløen, Bjørnar Lindvik Gjerde, Henki Briksdal.

Midten frå venstre: Sondre Ljosdal Galtung, Espen Haugen, Odd Sindre Tonning, Asgeir Mykløen, Ole Morten Sunde Risøy.

Framme frå venstre: Sogneprest Harald Runde, Tonje Gjengedal Olsbø, Olin Mei Fu Briksdal, Elise Aabrekk, Kristine Tonning, eittåringen Espen Berge.

**Konfirmantar i Innvik**

Bak frå venstre: Kristina Årdal Solbu, Malin Fredheim Gjerde, Ingeborg Räftevold.

Framme frå venstre: Mona Kleppe Skåden, Heidi Drageset, Ellinor Vedøy Drageset og sogneprest Harald Runde

**Konfirmantar i Hornindal**

1. rekke frå venstre: Silje Torheim, Eline Hjellbakk Pettersen, Ingrid Marita Espelund, Astrid Ingeborg Helgesen Haugen, Ingrid Gausemel, Madeleine Maria Kristina Heggen Bjørneset, Therese Øen Leirvik.

2. rekke frå venstre: Frida Notøy, Silje Veronica Ludvigsen, Ann Jeanette Nygård Leite, Cristine Pacheco Valle Grodås, Ida Eilin Kroken, Oda Constanse Ludvigsen, Hege Kirkhorn, Ellisiv Tomasgård Räftevold.

3. rekke frå venstre: Sogneprest Sigurd Stige, Leif Harald Nordahl, Ivar Aasgaard Kirkhorn, Bjørnar Kiviranta, Daniel Lødemel, eittåringen Espen Berge.

4. rekke frå venstre: Oliver Haugen, Antonio Sander Nygård Heggen, Lars-Vegar Brendefur, Bjørn Ove Muldsvor, Rasmus Haugen, Reidar Gausemel, Nicklas Lødøen Øen.



Konfirmantar i Oppstryn

Bak frå venstre: Sokneprest Kjetil Netland, Eskild Flo, Seline Aaland, Synne Eikenes Vik, Geir-Magne Erdal, eittåringen Espen Berge. Framme frå venstre: Ane Andersen Flo, Elise Marie Mork, Thea Guddal Flo, Miriam Flo, Stine Flo Muri

Konfirmantar i Nordsida

Frå venstre: Sokneprest Sigurd Stige, Mathias Alexander Hidalgo, Erlend Bakken, Reidun Ulvedal, Mathias Hagen, eittåring Espen Berge



Konfirmantar i Loen

Bak frå venstre:

Aron Hogrenning Kristiansen, Andreas Svo-
ren Strand, Sebastian Hogrenning Johansen,
Espen Halsebakk

Midten:

Nikolas Sunde Tye, Sander Vallebak Greger-
sen Vik, Kjetil Netland

Framme frå venstre:

Anna Sofie Engebø Auflem, Julie Krogh Sæ-
ten, Siri Bredesen Drageset, Zenia Vallebak
Gregersen Vik



Intervju med Espen Berge, eittåring i Stryn.

- Av Reidun Ulvedal og Miriam Flo -

Espen kom til Nordfjord i 2012 for å starte som eittåring i Stryn og Hornindal. Han tok den lange turen heilt frå Mandal til vesle Stryn i Nordfjord.

Espen møter oss med eit breitt smil om munnen, som vanleg, i sentrum av Stryn. Han er ein glad kar som alltid har humøret på topp.

Vi går rett på sak, og spør Espen om det mest openlyse spørsmålet. Kvifor valde du å flytte frå heimstaden din Mandal, til vesle Stryn, for å bli eittåring? Svaret kjem fort: Det var etterspurt ein eittåring her oppe, og sidan naturen er så vakker og byr på så mykje spenning kunne eg ikkje seie nei når ei slik moglegheit baud seg. Når eg ikkje er på arbeid, eller hjelper til med konfirmantane og gudstenester, er eg mykje i fjellet. Stryn har hatt ein utruleg fin vinter der eg har tilbringa mykje av tida mi på toppturar lokalt.

Tidlegare har Espen gått på bibel-skulen heime i Mandal. Der gjekk han eit avsluttande år i 2012, før han kom til Stryn. Når han kom til Stryn, tok han utfordringa om å vere med på konfirmantåret på strak arm. Espen fortel at vi er ein utfordrande gjeng, men med mykje latter og humor går det som regel veldig greitt.

Eittåringen vår er ein allsidig kar. Han har vore i skogen med konfirmantspeiderande to gongar i månaden. Der er det uteaktivitetar og andakt uansett vær. Og han har vore i Betania hos konfirmantane der tre gongar i månaden. Han var òg med på Nattcup ilag med heile Nordfjord, der natta gjekk med til konsertar, andakt og ulike sportslege

aktivitetar. Som sagt, han er ein mann som har mykje lurt i ermet, og har alltid noko moro-

samt å fortelje og finne på. Men tida til Espen går ikkje berre til konfirmantane. Han er ute ilag med speidarane i gruppa «Roverane». 26-27. mai har dei hatt "oppdrag 24". Der skal dei gjere så mykje så mulig på 24 timar. Her har han vore med å rigga til og stått på.

Då vi møtte Espen i Stryn, kom den lokale mannen «Jesus» forbi, som bur i Stryn og jobbar som guide,



men som opphavleg er frå Spania. Så vi spurte likegodt om korleis det var å ha møtt "Jesus", og han lo og sa at det var kort å reise for å møte han.

Espen vil starte på lærarskulen, og ta utdanning for å bli lærar. Så etter eit lærerikt år i Stryn fortset han med studie i Trondheim, mest sannsynlig, fortel han.



Fv: Miriam Flo,
Espen Berge og Reidun Ulvedal

Vi trur alle konfirmantane i Indre Nordfjord er takknemlege for å ha hatt ein så flink eittåring som vi konfirmantane har hatt i år. Så vi må berre gje Espen ei stor takk for å ha gjort konfirmanttida vår så god, og ønskjer han lykke til vidare i livet.

Rullestolrampen ved Hornindal kyrkje

vil vere ferdig til gudstenesta 14. juli. Då vil også varmpumpene vere på plass. Rullestolrampen er full finansiert, men vi manglar litt for å vere i mål med varmpumpeprosjektet.

Gåver kan innbetalast til bank-konto 3820.15.54974. Merk gåva: Varmepumpe i kyrkja.

Songkonsert med Øystein og Randi Frivold

Mange var frammøtte då tidlegare sokneprest i Hornindal, Øystein Frivold, og dottera Kristin Frivold hadde songkonsert i Hornindal kyrkje søndag 24. februar. "Gjenklang" var namnet dei hadde gjeve konserten.



Øystein og Kristin Frivold i Hornindal kyrkje

Foto: J. Y.

Øystein er i dag tilsett som musikk- og kulturmedarbeidar ved Modumheimen sjuke- og aldersheim på Modum. Kristin studerer klassisk musikk ved Høgskulen i Volda. I tillegg til dikt av Rolv Tvinnereim framførte dei dikt av Dagny

Tande Lid og Margaret Skjelbred, alle dikta tonesette av Øystein.

I fellesskap gav dei ein vakker og gripande songkonsert med tekstar som skildra livet til kvardagsmenneske i veksling mellom glede og fortvilning, takksemd og håp, undring og tru, og med ein himmel over livet.

Varm takk, og velkomne tilbake, Kristin og Øystein!



Sommarleirane på Nesholmen i sommar

SOMMARLEIR 1 er frå 21.- 23. juni for 1. -4. klasse

SOMMARLEIR 2 er frå 24.-27. juni for 5.- 7. klasse

SOMMARLEIR 3 er frå 28.- 30. juni for 1.-4. klasse


Påmelding:

KFUK-KFUM

P.b 329, 6801 Førde

sff@kfuk-kfum.no

tlf: 90 95 55 97



Hornindal sanitetslag 100 år

Bunadskledde kvinner frå heile fylket sette sitt preg på bygda helga 27. og 28. april då dei kom i tog til kyrkja med flagg og faner og med Hornindal musikkorps og drilljenter først i toget. Hornindal Sanitetslag, leia av Grethe Vindheim, markerte 100-årsjubileet med ei festhelg der også fylkeslaget hadde lagt årsfesten sin til bygda. Dei starta med festgudsteneste i kyrkja der vikarprest Sigurd Stige hylla sanitetskvinnene for deira sosiale og medmenneskelege engasjement og heldt dei fram som føredøme på kristen nestekjærleik i praksis. Takk, alle sanitetskvinner, og Guds signing over jubileumsåret vidare. Leiaren i Sogn og Fjordane Sanitetsforening, Dagrun Diganes, rosa arrangementet i Hornindal.



Frå toget i Hornindal. Grethe Vindheim, leiar av Hornindal sanitetslag, er fanebærar. Ho er flankert av Bjørg Aaland, Byrkjelo og Brynhild Lund Notøy, Hornindal. Foto: J. Y.

Kjetil Netland tilsett som Prost i Indre Sogn - tek over frå august av

- av Olav R. Faleide -

Riksveg 55 går langs Esefjorden frå Balestrand mot Dragsvik ferjekai. Etter vel ein kilometer frå Balestrand sentrum kjem du til småbruket Øygarden: Denne perla ved Esefjorden er barndomsheimen til mor til Kjetil Netland, og han overtok bruket etter morbroren sin i år 2000. Sidan familien Netland kom til Stryn for ti år sidan, er det hit dei som oftast har sett kursen når dei har hatt ferie eller nokre fridagar. Her har dei lagt ned eit ukjent tal arbeidstimar i renovering og ombygging av husa. Dette som har vore fritidsstaden og hobbyen deira, blir no den nye heimen. Det er liksom her dei høyrer til.



No skulle ikkje dette vere ei avskjedshelsing, det kjem seinare - også i neste nummer av Kyrkjeklokka. Men sidan dette fall saman med førebuinga av denne utgåva, bestemte redaksjonen seg for å la lesarane få del i det som har hendt sidan sist.

For Kjetil Netland har takka ja til stillinga som prost i Indre Sogn, og i august forlèt han jobben som sokneprest i Stryn. Vi som har hatt glede av tene- sta hans i Indre Nordfjord, har mykje å takke han for. I stikkords form vil vi kalle Kjetil; Konservativ teolog, empatiske medmenneske, tolmodig rettleiar, innsiktsfull rådgjevar og tiltakslysten pådrivar – berre for å nemne nokre få av karaktertrekka hans.

Dei siste åra har det vore mykje vakansar både i preste-, kateket- og trusopplærarstillingar, og då har Kjetil teke mykje ansvar for å halde hjula i gang. Sjølv om Kjetil kanskje ikkje har tid når du spør han om noko, så tek han seg tid - så får heller byråkrati og sakshandsamingar vente. I hans tid har det mellom anna vorte reformer av både trusopplæringa og gudstenesteliturgien. Kjetil har ivra for å utvikle gudstenesta, og slikt kan det vere vanskeleg å vinne godhug for. Det som har fungert godt i trettifem år og som vi er vane med skal vere ramma rundt gudstenesta, har blitt det kjende og trygge som vi veit vi går til når vi går til kyrkje. For nokre kan det verke framandte å skiple på tonefølgjet til litani og reise seg og setje seg annleis enn slik vi har gjort så lenge vi kan hugse. Men Kjetil har vunne fram med dette blant kyrkje-



lydane, og med hans hjelp har vi gradvis blitt «moderniserte» så vi nesten ikkje har merka det ein gong.

Saman med kateket Jo Edvardsen byrja Kjetil å leggje om konfirmanntopplegget, og i samarbeid med trusopplærarar og dei andre prestane i Indre Nordfjord, har dette opplegget vorte utvikla vidare år for år. Dei trykker kvart år opp nye sjølvlagde konfirmanthefta, og sist år var det 550 konfirantar i Sogn og Nordfjord som brukte konfirmantheftet «Følg meg».

Det er ukomplisert å arbeide saman med

Frå venstre: Kjetil, Sissel Marie (23), Kjell Øystein (27), Rut Solveig, Runar (20), Liv Rigmor (12) og Arne (26)

Utlysing av prestestillinga i Stryn innan 20. juni

Prost Rolf Schanke Eikum fortel til Kyrkjeklokka at stillinga skal lysast ut innan 20. juni, og at han håpar ein ny sokneprest kan vere på plass innan komande årsskifte. Prosten har arbeidd for å få til ein vikaravtale i eit halvt års tid framover og to av dei tidlegare prestane i Stryn har vore spurde, men ingen av dei hadde høve til å vere her så lenge.

Kjetil fordi han alltid har tenkt nøye igjennom kva og korleis saker og ting skal handterast, og han har gjort livet lettare for mangt eit soknerådsmedlem ved å servere framlegg til løysing saman med utfordringane og oppgåvene. Hans måte å inspirere og leggje fram saker på, fører nesten alltid til samrøystes vedtak i sokneråda. Når ikkje situasjonen krev noko anna, sit humoren laust hos Kjetil Netland og han møter deg alltid med eit varmt smil under barten, som forresten har blitt meir og meir stilig med åra.

forts. s 14

Ny kyrkeverje tilsett i Stryn kyrkjelege fellesråd

- av Rune Berglid -

Etter at Borghild Skarelsen sa opp stillinga si som kyrkjeverje i Stryn frå 1. april 2013 for å fortsette utdanninga innan sjukepleie, har det vore arbeidd med å finne ny kyrkjeverje.

Då det var manglande søkjargrunnlag i første utlysingsrunde og stillinga vart lyst ut på nytt, vart tidligare kyrkjeverje Svein Rønne kontakta for å hjelpe til i ein overgangsperiode. Han takka ja til å tiltre som kyrkjeverje i ein tre månadsperiode frå 1. april.

Etter utvida søkjarfrist og handsaming av søkjarane, har eit samrøystes Fellesråd tilsett Lise Katrin Hetle som kyrkeverje og dagleg leiar i Stryn kyrkjelege fellesråd.

Ho byrjar i stillinga 1. juni med ein månads opplæring, med Svein Rønne som fungerande sjef ut juni månad. Ho er 36 år og kjem frå stillinga som daglig leiar ved Hornindal frivilligsentral



Vidt ansvarsfelt

Som kyrkeverje i Stryn kommune vil Lise Katrin Hetle få vidt ansvarsfelt med personalansvar for 21 tilsette fordelt på ein stillingsressurs på 8. I tillegg vil ho være ansvarleg for 9 kyrkjer og 9 kyrkjegardar. Og eit driftsbudsjett på 5-6 mill kr. Forutan ansvaret for å forvalte og setje opp budsjetter og styre økonomien, skal kyrkjeverja også sørgje for andre langsiktige planar og forberede saker som Stryn kyrkjelege fellesråd skal ta stilling til.

Samarbeid

Èi viktig oppgåve vil være å legge til rette for at relasjonane og samarbeidet i staben fortsetter å fungere godt. – ho ynskjer å være med på å skape eit klima der dei tilsette kan snakke opent og tydelig med kvarandre, og der vi jobbar mot felles mål. Ho er ikkje ute etter å endre på det som allereie fungerer godt, og den første perioden vil ho nok bruke mykje tid på å bli kjent i systemet, men ho håper at ho kan være med å setje preg på Kyrkja i Stryn kommune. Kyrkjeklokka kjem tilbake til eit meir fylldig portrettintervju i neste utgåve.

I Hornindal, der Lise Katrin Hetle har vore tilsett som leiar for Frivilligsentralen i fleire år, er det mange som uttrykker glede og takksemnd over arbeidet Lise Katrin har lagt ned.

Hyggeleg og imøtekomande, open og

lyttande, kreativ og handlekraftig, fagleg sterk og allsidig og flink til å inspirere og administrere er eigenskapar som mange knyter til henne teneste.

Ho har betydd mykje, ikkje berre for Frivilligsentralen men også på andre område ho har engasjert seg, m.a. som rådgjevar i Arbeidsgruppa for transportbil for rullestolbrukarar og rørslehemma.

Honnøler ynskjer Lise Katrin lukke til i ny og viktig teneste som kyrkjeverje i Stryn kommune.

forts frå s 13

Kjetil har aldri lagt skjul på at det ikkje er nokon einmannsjobb han har gjort her i Stryn. Rut Solveig har gjeve den gamle yrkestittelen «prestefrue» eit heilt anna og nytt innhald med den innsatsen ho har lagt ned i barne- og ungdomsarbeidet spesielt. Både trusopp- læring, styrearbeid i Betania, babysong og Stryn barnekor er oppgåver ho har gått inn i med iver og glød til stor glede for både foreldre, besteforeldre og ikkje minst for borna sjølve, enten ho har vore tilsett i ei stilling eller ho har gjort det frivillig. I tillegg til å vere allmenn- og musikk lærar på Tonning skule, har ho også vore timelærar i fransk ved Stryn ungdomskule og Stryn VGS, og ein betydeleg og positiv miljøfaktor i kollegiet og i klasserommet.

Å fostre opp fem born er ei oppgåve godt over gjennomsnittet for eit norsk ektepar. Resultatet har vorte svært så bra, for desse fem ungdomane har med sine interesser tilført barne- og ungdomsmiljøa i Stryn mykje, enten det gjeld song, musikk, ungdomspolitik, idrett og friluftsliv eller speidar- rørsle. Til Fjordingen sa Kjetil «Det er utan tvil med blanda kjensler eg forlèt Strynebygda, for både familien og eg har trivst veldig godt her». Då må også vi ha lov å seie at Stryn har trivst godt med dei og.

Kjetil sa vidare i same intervjuet at han trur «at jobben med å finne ein erstat- tar i Stryn skal gå relativt greitt. Her er veldig godt samarbeid, dyktige folk både på kontoret og ute i dei frivillige organisasjonane og eg vil særleg nemne eit særst oppegåande kriseteam som trår til når det verkeleg røyner på».



Alistair Pow til minne!

Det var ikkje uventa, men likevel trist å få meldinga om at Alistair var død, 27. mai, på Førde sentralsjukehus. Han hadde ein stor hjarteoperasjon bak seg i vår, og var svekka på mange måtar. «Neste gong noko skjer, då er det slutt,» sa han til meg tidlegare i mai. Men, som han sa til kollega og ven, Ralph Cupper: «Døden er ikkje eit punktum for livet mitt, men eit semikolon; fordi livet mitt vil fortsetje saman med Gud gjennom min Frelsar, den levande Jesus Kristus. Han har gjort i stand eit stort hotell med mange rom der det er plass til oss alle. Kvar rom har eit stort orgel, og det vil ta litt tid å spele på alle dei. Difor må alle venene mine ha ei takkestund og ikkje sørgje og gråte når eg blir borte frå jorda.»

Alistair var fødd i Elie, Fife fylke i Skottland i 1944 og var eldst av fire søsken. Tidleg fekk han interesse for musikk - spesielt orgel, og starta som organist i den lokale kyrkja alt som 14-åring. Seinare studerte han orgel i Birmingham under m.a. George

Miles, og seinare Dr. George Thalban-Ball som spela konsertar kvar veke i Birmingham Town Hall. Etter endt utdanning, vart Pow tilsett i fleire ulike kyrkjemusikalske stillingar i England og Scotland. Han snakka ofte om glanstida si i Old St. Pauls Cathedral i



Edinburgh, eller tida i Perth. Han var ein landskjend konsertorganist og ein fantastisk kordirigent, som fikk svært mykje ut av koristane sine. Folk hugsar han og konsertane han heldt med guttekor og orgel. Og mange verdskjende musikarar vil kome og vere involverte i Alistair si gravferd i Edinburgh i midten av juni.

Her i Stryn hugsar vi han som ein profesjonell musikar som gjerne ville skape fest rundt kvar gudsteneste han spela til. Var det opp til han, var det kyrkjekor i kvar kyrkje, solistar og varisjonar ved alle høve. Men Stryn er ikkje Edinburgh, interessa for fotball er nok større enn interessa for kyrkjekor. Likevel fekk nokre av oss høve til å vere med i prosjekt der vi song kjende messer og korverk. Alltid hadde Pow full kontroll på orgel og direksjon, han var ein meister, og det merka vi. Og kommentaren han ofte møtte meg med, på telefon eller ved direkte kontakt, var: «What can I do for you?» Lat oss lære av det spørsmålet, same spørsmålet som Meistren Jesus stilte til han som var blind. Her i Stryn fekk vi ha Alistair hjå oss i 9 år, etter at han hadde vore 5 år i Skjåk, men vi fekk berre eit glimt av hans musikalitet og evner. Sidan helsa byrja å svikte, miste han meir og meir av gløden. *Men vi som fekk oppleve han «live» i desse åra, har mange gode minne og musikkopplevingar etter ein stor musikar. Fred over minnet!*

Marie-Johanne Folven

Storsamling i Nordsida kyrkje

- av Knut Sigurd Gald -

Søndag 14. april fekk Nordsida kyrkjelyd besøk av ei busslast frå Herøy



Fv. Oddvar Bergset, Jan Nygård, Bjarte Sætre, Hilde Nesje, Ingvar Havnen, Anne Mari Alden.

kyrkjelyd, med Beate Nes som reiseleiar. Beate er vår nye kateket i Indre Nordfjord frå 1. august. Og når vi fekk eit så triveleg besøk, med grilling i Sagedammen i etterkant

av gudstenesta, var det ekstra kjekt å få "Honndalskoret" eller Hornindal songkor som er det rette namnet på koret, med dirigent Elena i spissen, for å opptre. Det var ei flott framføring dei stod for. Men det stoppa ikkje ved det. Vi var også så heldige å få eit orkester frå Stryn

med å støtte salmesongen og anna song i kyrkja denne søndagen. Med Bjarte Sætre i spissen, bestod orkesteret av Jan Nygård, Ingvar Havnen, Anne Mari Alden, Hilde Nesje og Attila Kapzy. Og i samarbeid med organist Oddvar Bergset, vart det god og stemningsfull song og musikk i kyrkja denne søndagen.



Honndalskoret med dirigent Elena ved pianoet

Soknerådsleiar Martin Endresen i Indre Herøy sokneråd, takka for at dei fekk besøke oss, med å overrekke ei bok dei hadde med. Han inviterte oss til å gjengjelde besøket på eit passande tidspunkt.

Salmen min

- av Olav R. Faleide -

Velsigna Band (Blessed Be the Tie that Binds)

av John Fawcett

Velsigna band som bind Guds folk i saman her,
i same kjærleik, same sinn som i Guds himmel er.
Vi er av kongeætt, eit heilagt syskenlag,
men ser vår store adel rett først på den store dag.

Her skil dei store hav Guds folk i ymse land,
men bundne saman vert vi av dei sterke Andens band.
Her er' kje fri og træl, her er' kje arm og rik,
kvar har den same arvedel og er dei andre lik.

Om nokon av oss lid så græt vi andre med,
og vert han atter løyst og fri, vi oss med honom gled.
Vi kjenner saknad sår når vi her skiljast må,
Men vonar i Guds rikes vår kvarandre atter sjå.

Om denne salmen "Velsigna band" sa John Fawcett sjølv: *Eg ville bli flau dersom desse enkle versa fall i hendene på folk med høgare intellekt og edlare litterær smak. For dei ville dette framstå som flatt, kjedeleg og lite gjevande. Men om det kunne varme hjarta til ein truande i ei bønestund og styrkje kjensla av fellesskap i Guds hus, då ville eg bli glad same kva andre meiner.*

Det er spesielt to sider ved denne salmen som har fascinert meg; det eine er det enkle, men likevel så mektige innhaldet, og det andre er forfattere, engelskmannen John Fawcett. For det tredje vil eg også gjerne nemne den presise attgjevinga som Trygve Bjerkreim gav salmen på norsk i 1951, og som er nr 531 i Norsk Salmebok – truleg med litt støtte i den islandske språkdrakta som presten Friðrik Friðriksson hadde gjeve tjue år før. Som ein digresjon kan og namnast at Friðriksson var den som grunnla KFUK/KFUM på Island, samt både songkor og fotballag.

John Fawcett var fødd i Lidget Green i Yorkshire i 1740, nær byen Bradford midt i Nord-England. Som 16-åring kom han med i Metodistkyrkja og fatta interesse for teologi, og tre år seinare melde han seg inn i Baptistkyrkja medan han studerte. Han vart ordinert til presteteneste i Wainsgate og slo seg ned i byen Hebden Bridge der han budde resten av livet. Leiarane i Baptistkyrkja hadde lagt merke til hans spesielle eigenskapar som prest, han var ein samlande figur i eit sosialt splitta England, han ignorerte klasseskiljet og møtte alle sokneborna i Baptistkyrkja som likemenn. Han var ein omgjengeleg mann som deltok aktivt i kvardagsliv og høgtider i både sorg og glede.



I tillegg var han svært kunnskapsrik og musikalsk, og han skreiv fleire vakre salmar. I 1772 vart han kalla til å gjere teneste som leiar for den største Baptistkyrkja i England, Carter's Lane i London, eit embete han tok imot. Då han hadde pakka eit reiseklart flyttelass saman med den store familien sin, heldt han avskjedsgudstenesta si og gjekk ut for å seie farvel til kyrkjelyden han hadde tent i sju år. Brått snudde han seg til skysskarane sine og sa, "Køyr heimatt og pakk ut igjen – vi reiser ikkje likevel." Så sende han melding til London om at han hadde ombestemt seg. Tjue år seinare var han ønskt som president i Baptistakademiet i Bristol, men også det av slo han fordi han meinte han hadde det godt der han var.

I 1811 vart han invitert til å tene stegjere i den amerikanske baptistkyrkja, men då tykte han hadde blitt så heimekjær at han takka nei. I staden fekk han ei utmerking frå eit teologisk fakultet i USA, Doctor of Divinity, som var den høgste tverrfaglege utmerkinga ein professor kunne få tildelt.

Av alle dei einskildpersonane eg har lese om både i historie generelt og kyrkjehistorie spesielt, framstår John Fawcett som ein av dei mest audmjuke personane eg har fått kjennskap til. Han hadde store evner på mange fagfelt, kyrkjeleiarane gjorde det dei kunne for at fleire enn hans eigne sokneborn skulle få glede av han og arbeidet hans, men han valde å bli i den tenesta han hadde begynt.

John Fawcett døydd i 1817 og er gravlagd ved kyrkja i Hebden Bridge der han tenestegjorde heile sitt liv.

Eg utfordrar min gamle, utflytte ven, Klaus Hestenes på Ålgård til å skrive om sin song/salme til neste nummer av Kyrkjelokka.

Oddny under open himmel

Livet er som ei vandring

(Fortsetjing frå førre nummer)

Ein månads tid etter nyårspreika, fekk presten eit brev. Det er ikkje så ofte ein får tilbakemeldingar. Ei slik kontakt kan innehalde ros, men også rettleiing eller kritikk. Ein utlending hadde sett og høyrte preika i fjernsynet. Ho hadde budd berre eit halvt år i Norge. Då ho kom til landet, var ho overvelda over naturen, trea, fargane, dyra og blomstrane. «Å så lukkelege alle må vere her,» tenkte ho. Etter eit halvt år visste ho at ikkje alt det fine og rikdomen kunne gje lukke.

Ho meinte presten hadde gløymt eit viktig punkt i nyårspreika. Og det var dette: «Finst det nokon som har bruk for meg?» Ho kom frå eit land der dei ikkje hadde høve til å forsikre seg så at dei ikkje trong kvarandre. Lat denne personen vere ein talsmann for dei i landet vårt som stiller dette spørsmålet. Det kan vere ein arbeidslaus, ein funksjonshemma, ein med familieproblem eller ein tapar i skulen. Korleis møter vi desse? Prøvar vi å hjelpe dei, eller er vi berre opptekne med vårt eige? Vi treng kvarandre

ved å gje hjelp og ta imot hjelp. I lag vert vi sterkare og greier å utføre større felles oppgåver.

Jesus var også på vandring. Det starta i stallen i Betlehem. Så vart han og foreldra flyktningar. Etter ei tid gjekk vegen tilbake til Israel.

Som vel vaksen vart vandringa intens. Han var innom bygder og byar. Folk møtte han på vegen, ved elva, ved sjøen og på fjellet. Folk samlast då dei høyrde rykte om at han skulle koma, og dei følgde etter han. Arbeidsåra var få, og siste og tyngste vegen gjekk til Golgata. Vi les om oppstode og vandring i førti dagar etterpå før han reiste opp til himmelen. Det siste løftet han gav, var «Sjå eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Korleis møtte han menneska?

Ein prest las dei fire evangelia for å finne svaret. Så sa han det med ei setning. Han vende aldri ansiktet frå nokon menneske. Han talte til dei. Han lekte og oppreiste personar. Har du møtt han? Går du i lag med han? Let du han gå føre deg? Og let du Israels Gud gå sist som det står i Jesaja 52,12b.

Til læresveinane sa han:

—
Av
Oddny
Torheim
—



«Følg meg» I dag er det vi som får denne innbydinga. Han sa og seier framleis i ordet sitt: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bere, eg vil gje dykk kvile!» Mange menneske treng kvile. Kanskje er desse orda først og fremst til deg som er komen langt på vandringa. Ein gammal mann bad slik:

«Kjære Jesus, velsign meg i natt! Om eg vaknar, så er du hos meg. Om eg ikkje vaknar, så er eg hos deg.»

Det var ei enkel bøn med full overgjeving. Ein dag er livsvandringa fullført. «Jag etter rettferd, guds-frykt, tru, kjærleik, tolmog og spaklynde! Strid den gode striden i trua, og grip det evige livet som du er kalla til!» Dette skreiv

Paulus til venen sin Timoteus.

God tur på livsvegen!

Leirmenyen på Fjordly sommaren 2013:

Minileir	7.-9. juni	4-8 år m/ følgje
Sommarleir 1	23. – 26. juni	4.- 5. klasse
Sommarleir 2	30.juni – 3. juli	6.- 7. klasse
Tenleir	10. – 14. juli	13 år og oppover
Familieleir	25. – 28. juli	Alle!



Kos rundt bålet på Fjordly

På Fjordly, Normisjon sin leirplass i

er det godt tilrettelagt for sommarentyr. Plassen Bryggja, mellom Måløy og Eid. Her er det hovudhus med samlingar, kos, bordtennis og biljard og eigne hytter til å sove i. Ute er det kanoar, båtar og redningsvestar tilgjengeleg, samt flytebrygge og stupetårn til bading. Her er fotballbane, hinderløype og ein eigen holme til utfolding av ulikt slag. Mangt eit flagg har blitt kapra her. I tillegg kan ein finne fram kubb, cricket, badminton og ringspel. Berre fantasien set grensene for kva ein kan finne på.

Nordfjord,

ligg flott til på rom til måltid,



Slekt skal følge slekters gang



Hornindal

Døypte:

3/2 Marius Horne. For. Siri Valheim og Martin Johnsen Horne

6/4 Eliah Lødemel Lødøen. For. Maria Renate Lødemel og Sturla Lødøen

28/4 Erika Gausemel. For. Janne-Elin og Vidar Endre Gausemel.

Døpt i Eid kyrkje

18/5 Frida Grothaug. For. Lillian Dorthe Torheim og Edvin André Grothaug Haugen

Døde:

16/3 Ragna Otilie Seljeset f. 1929

8/4 Kristina Brendefur f. 1918

Nordsida:

Døde:

3/3 Eli Fjellkårsstad f. 1915

16/3 Liv Jevnlid f. 1948

7/5 Oddlaug Oppedal f. 1955

Randabygd

Døde:

25/2 Nils K. Sørheim f. 1925

Utvik

Døde:

13/3 Oddlaug Bruland, f. 1923.

07/4 Per A. Loen, f. 1930.

Olden

Døypte:

4/11 2012 Maria Brennodden-Solheim. For.: Marit Brennodden og Ole Solheim

14/4 Hans Brede Melheim – Svarstad. For.: Stig Ole Svarstad og Mari Kristine Melheim.

14/4 Sebastian Nicolai Høgalmen.

For.: Stig Høgalmen og Kathrine Høgalmen.

28/4 Leela Kvamme. For.: Tor Hansen og Andrine Elisabeth Kvamme. (d. i Ljosheim.)

28/4 Nils Olav Gjertsen – Høgalmen. For.: Nils Roger Høgalmen og Hege Gjertsen (d. i Ljosheim)

19/5 Emil-Johannes Nordlander Briksdal. For.: Anders Briksdal og Emma Cecilia Nordlander.

19/5 Marie Hagelskjær Vangberg. For.: Geir Øyvind Vangberg og Cecilie Hagelskjær Michalsen.

19/5 Vilde Nygård – Gustavsen. For.: Svein Inge Gustavsen og Heidi Vik Nygård.

Oppstryn

Døypte:

25/11 Storm Rebni Heimlid. For. Lillian Rebni Heimlid og Rune Rebni Pedersen

25/12 Hedda Kveen. For. Ann Kristin Riise og Lars Helge Øvre-Flo Kveen

17/2 Peder Guddal. For. Merethe Strand Guddal og Terje Guddal

31/3 Iver Kallekodt Flo. For.

Janne Kallekodt og Knut Flo

5/5 Sarah Flore Erdal. For. Anne Flore og Ole Morten Erdal

Døde :

26/3 Klara Dårflot f. 1919

12/4 Trond Bolstad f. 1970

Nedstryn

Døypte:

24/2 Emil Blaaid. For. Tone Merete og Terje Blaaid

24/2 Esben Bøe. For. Jannicke Bøe og Heine Hauge

24/2 Birk Solvik Sunde. For.

Annelin Solvik og Jan Tore Sunde

17/3 Sofie Heimlid. For. Siv Myklebust og Henning Heimlid. Døpt i Ørsta kyrkje

31/3 Jacob Tenden Molland. For. Gunlaug Sande Tenden og Ørjan Dispen Molland

21/4 Håkon Nedreberg. For. June Opsahl Myklebust og Lasse Nedreberg

Døde:

20/3 Bjørn Asle Hatledal f. 1980

31/3 Edit Egge f. 1926

1/4 Åse Lunde Ytreeide f. 1946

22/4 Ove Andreas Håvik f. 1941

5/5 Bjørg Utne Kvam f. 1935

13/5 Kjell Bertil Osvold f. 1946

Loen

Døypte:

3/3 Storm Austad. For. Siri Kristine og Gunnar Austad

1/4 Anna Fiona Seljeseth. For. Lene Drageset og Asle Rasmus Seljeseth

Døde:

21/4 Kjellaug Ripe f. 1926





Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkomen i nabokyrkja

16. juni; 4. s i treeiningstida – Matt 9, 35-38

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Kjetil Netland. Takkoffer til Holmely
-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige. Takkoffer til Bibelselskapet
-Hornindal 19:30 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige. Takkoffer til kyrkjegardsarbeidet

23. juni; 5. s i treeiningstida – Matt 18, 12-18

-Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Noregs KFUK-KFUM
-Nordsida 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige. Takkoffer til Nesholmen
-Loen 15:00 Katolsk messe

30 juni; Aposteldagen – Mark 3, 13-19

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband
-Utvik 16:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

07. juli; 7. s i treeiningstida – Mark 5, 25-34

-Selje kloster, Selja 11:00 Seljuman-
namesse
-Loen 20:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Fjordly ungdoms-
senter

13. juli; laurdag

- Loen 17:00 Katolsk messe

14. juli; 8. s i treeiningstida – Mark 12, 28-34

-Olden 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde
-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige. Takkoffer til misjons-
prosjektet i Mali
-Nedstryn 20:00 Gudsteneste. Ved Sigurd Stige. Takkoffer til HIMAL
partner

21. juli; 9. s i treeiningstida – Luk 6,

36-42

-Innvik 11:00 Gudsteneste. Ved Harald Runde. Takkoffer til Sogen og Fjordane Søndagskulekrins
-Sølvbergstøylen, Nordsida 14:00 Friluftsgudsteneste. Ved Sigurd Stige

28. juli; 10. s i treeiningstida – Mark 11, 25-26

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Ved Kjetil Netland
- Loen 15:00 Katolsk messe
-Moldreimstøylen, Utvik 15:00 Gud-
steneste. Ved Sigurd Stige

29. juli; Olavsdagen – Luk 22, 24-27

-Olden gamle kyrkje 19:00 Gudstene-
ste. Ved Sigurd Stige
-Oppstryn 20:00 Gudsteneste. Ved Kjetil Netland. Takkoffer til kyrkjelyds-
arbeidet / opprusting av orgelet

04. august; 11. s i treeiningstida – Joh 8, 31-36

-Loen 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Nesholmen leirstad
-Nordsida 11:00 Gudsteneste
-Nesje kyrkjetuft, Oppstryn 16:00 Friluftsgudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet/opprusting av orgelet

10. august; laurdag

- Loen 17:00 Katolsk messe

11. august; 12. s i treeiningstida – Joh 4, 27-30 og 39-43

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens SOS
-Utvik 16:00 Gudsteneste. Takkoffer til Utvik AMIGOS
-Svormuseet, Hornindal Kulturgud-
steneste. Takkoffer til vedlikehald av kyrkja

18. august; 13. s i treeiningstida – Joh 15, 13-17

-Oppstryn 11:00 Gudsteneste.
Takkoffer til Holmely

-Olden 11:00 Gudsteneste

25. august; Vingardssundag / 14. s i treeiningstida – Matt 19, 27-30-

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved Harald Runde. Takkoffer til Noregs Kristelige Student- og Skoleungdomslag
-Hornindal 11:00 Gudsteneste. Konfir-
mantjubileum
-Heggdalsstøylen, Innvik 15:00 Frilufts-
gudsteneste. Takkoffer til Maliprosjekt
- Loen 15:00 Katolsk messe

01.september; 15. s i treeiningstida – Rut 1, 7-11.16

-Loen 11:00 Presentasjonsgudsteneste. Takkoffer til ACTA – barn og unge i Normisjon
-Utvik 11:00 Presentasjonsgudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
-Nordsida 11:00 Presentasjonsgudste-
neste

08. september; 16. s i treeiningstida – Matt 11, 16-19

-Oppstryn 11:00 Presentasjonsgud-
steneste. Takkoffer til KRIK (Kristen Idrettskontakt)
-Olden 11:00 Presentasjonsgudsteneste
-Randabygd 11:00 Presentasjonsgud-
steneste
-Nedstryn 19:00 Presentasjonsgudste-
neste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
-Innvik 19:00 Presentasjonsgudstene-
ste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

15. september; 17. s i treeiningstida – Mark 5, 35-43

-Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Søndagsskulen
-Hornindal 11:00 Presentasjonsgudste-
neste
-Nesodden, Lodalen 15:00 Friluftsgud-
steneste

22. september; 18. s i treeiningstida – Mark 1, 40-45

-Utvik 11:00 Gudsteneste
-Nordsida 11:00 Gudsteneste

Kyrkjekonsert i Randabygd kyrkje 23. august!

Randabygd sokneråd gjentek suk- sessen og arrangerer kyrkjekonsert

Det blir eit variert program med flotte og dyktige songarar og musikarar.

Frå Hareid kjem Grimstadkoret – eit flott kor frå det song-glade Sunnmøre som ser fram til å besøkje bygda og kyrkja ! Jon Oddvar Kandal (fele) og Helene Myklemyr Bolstad (trekkspel) kjem også. Jon Oddvar Kandal har m.a. vunne ei mengd førsteprisar i felespel på landskap-pleikar og er fylkesmusikar i Sogn og Fjordane, medlem av Firdakvartetten og tildelt kulturprisen til Gloppen kommune i 2011 og Folkemusikkprisen til Sogn og Fjordane Folkemusikklag i 2012.

Helene Myklemyr Bolstad har lang fartstid som trekkspelar og var fast medlem i Hesjevoll & Myklemys og for tida spelar ho både konsertar og til dans saman med Håkon Høgemo og John Oddvar Kandal i gruppa To Rette og Ein Rang.

Dette blir ein flott konsert ! Set allereie no av kvelden 23. august og ta turen til Hopland og Randabygd kyrkje !!

Spørsmål: Reidar Sørland (907 70 875) eller Jon Tvinnereim (primus motor for arrangementet – 901 90 432)

Naustmessa ved Bergsetnausta

- av Ottar Ulvedal -

Sigurd Stige
og Harald
Runde-

Friluftsmesse i strålende ver.

Etter ein lang kuldeperiode passa det fint at veret slo om så vi kunne feire nasjonaldag og pinse i strålende ver og



gode temperaturar. Naturen viste seg frå si beste side under den tradisjonelle naustmessa ved Bergsetnausta 2.

pinsedag. Rundt 130 deltok og folket kom frå alle kantar og kosa seg i sola på Skreddarplassen under messa og i sjøkanten etterpå.

Sigurd Stige forretta og Beate Sørhagen Nes heldt preika. Ho er nyttilsett kateket og skal ta til i stillinga 1. august. Marit og



Per Skarstein sytte føre tonefølgje til salmar og Jon Ytrehorn, Harald Runde og Rune Berglid deltok m.a. med tekstlesing.

Mange gav seg god tid etterpå, kjøpte mat frå Nordfjord Fritids-senter og nytta høvet til å snakke med kjende og ukjende. Nokre var tøffe nok til å bade også, sjølv om det truleg ikkje var noko sjenerande varme i vatnet.



KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



Neste nummer får du i posten ca 15. september. Redaktør vert Olav R. Faleide.

Stoff kan sendast på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 20. august.